

*Temaet i årboka for Telemark historielag 2000  
var utvandringshistorie  
Artikkelen under er ein smakebit frå boka  
(Publisert med løyve frå THL)*

*English version on page 18*

## Leif Skoje: Ole Andrewson - Husmannsgut og pionerprest frå Sauland

---



### Innleiing

Pioneremigrantane frå dei øvre telemarksbygdene var av dei mest dominerande talmessig i tida før masseutvandringa frå Norge. Likevel finn vi ikkje så mange enkeltpersonar herfrå som har markert seg i denne historiske tida.

Nokre blir kjende som leiingar av emigrantgrupper (Rue og Luraas). Ein markerer seg som påverkande brevskrivar (Olav Trovatn). Ein blei landets mest kjende postmann (Snowshoe-Thompson). Ein raulending skal visstnok ha vore med på å slå i hel Joseph Smith, grunnleggaren av mormonerkyrkja, og dyktige handverkarar og forfattarar fanst. Ein blei kongressmann (Kittil Halvorsen Kjeldahl), og mange ofra liv og helse for det nye landet sitt i borgarkrigen.

To jamaldringar, heddølen Nils Johnson Kaasa og saulendingen Ole Andresson Aasen, blei foregangsmenn i kyrkjeleg organisasjonsarbeid dei første åra. Sistnemnde skal vi bli nærmare kjent med her. Ole Andresson Aasen, eller Ole Andrewson som han heitte i USA, er ofte nemnd mellom anna i E.Clifford Nelson og Eugene L.Fevolds "The Lutheran Church among Norwegian-

Americans" (Minneapolis Augsburg Vol.1 1960), sjølve standardverket om norsk-amerikansk kyrkjhistorie. Likevel treng han ei fylldigare omtale.

Som husmannsgut frå ei lita Telemarksbygd hadde han begrensa teologisk utdanning. Men med sunt bondevett og papir på at han var godkjent prest, måtte han i vaksen alder ofte konfrontere universitetsutdanna norske prestar som hadde generasjonar av intellektuelle embetsmenn bak seg i slekta.

Det var bare tre personar som blei ordinert til norske prestar i USA før Ole: Haugianaren Elling Eielsen, den "moderate" dansken C.L.Clausen og den kompromisslause statskyrkjepresten J.W.C.Dietrichson.

Sjølv om han må regnast som ein biperson saman med desse, er Ole sentral i den svært kompliserte norskamerikanske kyrkjhistoria. Frå 1842 til han døydde i 1885, var han eit viktig element i å tilpasse det norske immigrantsamfunnet til eit amerikansk kyrkjeliv.

Dette var eit krevande nybrottsarbeid. For den norske kyrkja, som meir eller mindre blei med over, var ikkje grei bagasje å pakke opp i det nye landet. Noko var kanskje øydelagt alt på reisa og ved ankomsten. Noko viste det seg at var ubrukeleg i det nye samfunnet og heller skulle vore lagt att heime. Oles jobb blei å hjelpe immigrantane med å pakke ut og ta vare på dei rette tinga, samtidig som også nye saker måtte skaffast der dei kom.

Artikkelen vil følge Ole frå beskjedne oppvekstkår i ein enkel husmannsheim, gjennom ei typisk emigrantreise i tidlegaste pionertid, der han kan representere dei hundretals første telemarkse-migrantane. Etterkvart blir han ein aktiv deltakar i amerikansk kyrkjhistorie, der han får betydning for tusenvis av immigrantar. På denne måten får vi gjennom livet hans eit blikk inn i kyrkjhistoria i det norske Amerika fram til 1880-talet.

## Bakgrunn, bustad og familie

Tidleg på 1800-talet blei det rydda ein plass under garden Myljom-Bø i Sauland. Plassen fekk namnet Åsen og låg nokre hundre meter ovanfor garden, oppunder Kleppefjell ved vegen til Tuddal. Heile Bøgrenda hørde på denne tida til ein rik trelasthandlar som heitte Jens Ørn, så bebuarane i grenda var leigendingar og husmenn.

På Åsen var det husmannen Andres Tollekson som dreiv i åra

rundt 1820, kanskje var det han sjølv som hadde rydda og bygd plassen. Han var fødd i 1766 og blei gift med Ingebjørg Olsdatter. Henne klarer vi ikkje å identifisere nærmare. Dersom fødselsåret er rett, var Andres heile 50 år da første barnet, dottera Kari, blei fødd i 1816. 2.mars 1818 kom sonen Ole, i 1821 kom Anne og i 1825 Helge (jentenamn, uttalast Hælge - med tjukk L), i 1828 Tollev, og i 1833 Ingebjørg som døydde samme året.

Anne blei gift med Hans Larsson Skårset og Helge med Ola Kjetilson Nord-Listul. Tollev kom truleg etter til Amerika. Dei to eldste blei av dei mange saulendingane blant dei aller tidlegaste pionerane i historia om utvandringa til USA.

Kari skal ifølge "Hjartdalsoga" ha gift seg i 1841 med Halvor Torbjørnsen Omnes og utvandra samme år, men det er truleg samanblanding med Torkel Bjørnson Omnes f.1820. (Vi finn Torkel Bjørnson på same båt som Kari, men dei er ikkje registrert som ektefolk der. Hjartdalsoga seier at Torkel også er gift med ei Kari Andresdatter f.1815. Halvor Torbjørnsen finn vi ikkje på passasjerlister i denne tida).

Dette kunne vore eit godt gifte for husmannsjenta, for Omnes var av dei større gardane i bygda. Men det var ikkje nokon odelsgut ho blei gift med, og løysinga blei dermed utvandring. Ole og systera reiste, og vi må tru at dei såg for seg ei betre framtid i eit nytt land.

## Utdanning, utvandringsplanar og utreise

Som eit av mange barn i ein fattig husmannsfamilie, måtte Ole tidleg ut i arbeid og var gjetargut i fleire år. Men folk i bygda må ha merkt seg denne guten og dei boklege evnene han må ha vist. Vi får tru det var presten Finkenhausen som såg til at han kom på "Kosa-skulen" i Brunkeberg.

Dette seminaret i Kviteseid var forløparen til lærarutdanninga i Telemark, og der gjekk fleire kjende menn gjennom tida skulen eksisterte. Knud Gislesen Løkslid, ein kjent skulemann, prest og biskop frå Hjartdal hadde gått der. Olav K.Trovatn frå Øyfjell, som utvandra og blei ein kjend brevskrivar, gjekk der. Og omlag samstundes med Ole gjekk Aasmund Olavson Vinje på same skulen

Korleis Ole kunne få råd til å gå der, veit vi ikkje. Men han gjennomførde utdanninga og kom i arbeid som omgangsskulelærer i heimbygda. Dette dreiv han med frå 1838 til 1841.

Denne oppvakte unge mannen følgde nok godt med i alt snakk som var om Amerika i den tida. Det gjorde sikkert eit sterkt inntrykk på folk at 36 Hjartdølar i 1839 reiste frå heimbygda og til Amerika, ei reise folk knapt kunne tenke seg omfanget av. Og dette blei ikkje eit eingongsfenomen heller, for året etter, i 1840, gjorde Anund og Aslaug Uvås med fire born samme turen.

Det blei fort kjent i bygda at folk kom vel fram, og at det var jord og framtid for mange fleire i dette landet. Denne store tidlege utvandringa frå Hjartdalsbygdene var inspirert av Tinnutvandringa i 1837 og numedølen Ansten Nattestad. Ole var kanskje av dei som skaffa seg trykte beretningar om emigrasjon, og kunne lese og formidle til andre nyttig kunnskap om det dei kunne oppnå. Han kan ha fått tak i Ole Rynnings "Sandferdig Beretning om Amerika", som Nattestad fekk trykt i 1838.

Barken Emilie, som Uvås-familien hadde reist med frå Drammen om Gøteborg til New York, skulle sommaren 1841 gå samme ruta. Dermed blei vinteren og våren 1841 ei uroleg tid i Hjartdal og Sauland. Det var mange som la alvorlege planar om utvandring, og da kaptein Thomas Anchersen på ettersommaren førde "Emilie" ut frå Drammen havn, var det 92 passasjerar med. Av desse var heile 27 frå Hjartdal og Sauland. Mellom passasjerane var Ole og systema Kari. Der var også Lonar-, Skårnes-, Skårdal- og Bøe-folk frå Sauland, så dei hadde nok av kjenningar med på reisa. Resten av passasjerane var også landkrabbar - frå Sigdal og Numedal og frå fleire bygder i Øvre Telemark. I det heile emigrerte 169 frå heile landet det året. Nokre få var frå Voss, elles var alle frå dei nemnde bygde-  
ne.

Kaptein Anchersen, som sjølv eigde "Emilie", var ein dreven sjømann. Han kunne vere vel dristig til å overlaste det 150 år gamle skipet med passasjerar, men til gjengjeld tok han seg godt av dei. Han hadde med medisinar mot dei vanlegaste sjukdomane, og han heldt gudstenester om søndagane og religiøse samlingar elles. Han ordna også med vidare transport innover i USA.

Skipet kom til New York 5.august, etter ca 10 veker på sjøen. Deretter følgde den vanlege reiseruta opp Hudson River til Albany nord for New York. Herfrå fortsette reisa på lasteprogram langs Eriekanalane til Buffalo ved Eriesjøen, og vidare over dei store sjøane til Milwaukee eller Chicago.

I samme reisefølge var det ein familie frå ytre Hjartdal. Det var

Torgun Haraldsdatter Tveiten, som hadde med seg to døtre frå eit tidlegare ekteskap, Ragnhild og Anne Paulsdatter, døtrer av Paul (Pål) Jonson Aasen. Den nye mannen i familien var Johannes Olsen frå Heddal. Ein dag fall den 17 år gamle Ragnhild overbord frå kanalbåten. Ole presterte da å redde jenta, og sjølvsgat er det den samme Ragnhild som han blir gift med eit par år seinare, fortel oldebarnet til Ole, Frederic Rognald Matson.

## Arbeid og ekteskap i Wisconsin

Ole kom altså til Wisconsin i 1841 og skaffa seg gardsarbeid i Racine county. Dette vil seie at han må ha halde til i, eller i nærleiken av Muskego-settlementet. Dette er velkjent frå emigranthistoria, men her er ein kort repetisjon:

Cleng Peerson førde dei første norske emigrantane i 1825 til Kendall i staten New York og seinare til Fox River-området sørvest for Chicago i Illinois. Denne retningen tok også dei første emigrantane frå Austlandet, dvs. Rue-følget i 1837. Da Lurås-følget i 1839 kom til Milwaukee, blei dei nærmast lurte til å slå seg ned på landet ved sjøen Muskego i sør-aust Wisconsin, lenger nord enn dei tidlegare emigrantane. Trass i mange vanskar, blei Muskego eit nytt utgangspunkt som markerte retninga for ny settling i retning vest og nord, vidare i Wisconsin og mot Minnesota og Dakotaterritoriet. Når i tillegg Nattestad og sambygdingane hans frå Numedal slo seg til på Jefferson Prairie litt lenger vest i Wisconsin, markerer dette slutten på Cleng Peersons styring av utvandringa.

For ein fattig nykommar som Ole, var gardsarbeidet sikraste levebrødet. Men etterkvart som han fekk etablert seg, skjøna han at det var bruk for dei "akademiske" evnene han hadde. Om han hadde hatt planar om å bli ein kyrkjas mann, veit vi ikkje, men etter ei sterk religiøs omvendingsoppleving i 1842, ser han dette klart. Han startar ei karriere som lekpredikant, dei første åra i Racine county.

1843 blei også eit viktig år for Ole. 29.juni gifte han seg med Ragnhild. Ho var fødd 23.mai 1824 og levde heilt til 1918. Paret kom til å få seks døtrer og fem søner. Alle utanom yngste sonen kom til å vekse opp. Ragnhilds namn blei amerikanisert til Rachel. Dermed beholdt ho forbokstavane frå Norge og skaffa seg samtidig eit namn i sterk bibelsk tradisjon.

## Starten på eit liv i kyrkjjas teneste - til Jefferson Prairie

I fire år dreiv Ole som lekpredikant. I samband med dette må han ha møtt haugianarleiaren Elling Eielsen. Samtidig kom han igang med farming og må ha lese og studert alt han hadde anledning til, ikkje minst skulle han lære språket.

I 1844 flytte han til Jefferson Prairie-settlementet og kom til å bu litt sør for småbyen Clinton i Rock county heilt sør i Wisconsin. Han slo seg ned på ein farm og var lærar og framleis predikant.

Første dottera blei fødd samme året, og namnet blei Isabelle, ei oppkalling etter Oles mor, Ingeborg. Isabelle fekk ei betydeleg rolle i samfunnet, særleg som kona til Canute Matson, sheriff i Chicago i ei svært dramatisk tid i 1880-åra, men det er ei annan historie.

Jefferson Prairie er, som Muskego, svært viktig i denne tidlege utvandringshistoria. Det var her grunnleggarane av utvandringa frå Øvre Telemark og Numedal - Ole og Ansten Nattestad frå Rollag - slo seg ned. Ansten var heimatt i 1838-39 og "henta" ei stor mengd nye emigrantar, ved hjelp av eigen agitasjon og boka "Sandferdig Beretning om Amerika" av Ole Rynning. Manuskriptet hadde han med, og fekk trykt boka i Oslo. I mellomtida fann broren Ole fram til Jefferson Prairie. Dit drog også ein stor del av følget til Ansten, mest numedølar, i 1839, medan dei frå Øvre Telemark slo seg til i Muskego.

I "History of Clinton, Rock county" står det om Ole at "he went to a seminary for three years". Det er ingenting elles som tyder på at Ole tok slik utdanning i USA, så det er nok rett og slett seminaret i Kviteseid som var Oles bakgrunn og ikkje annan formell teologisk utdanning.

Men prest blei han. O.J.Hatlestad, ein mangeårig prestekollega skriv: "...Da kristelige Venner i Illinois og Wisconsin bleve opmærksomme paa de Naadegaver, som Gud havde betroet O.Andrewson, blev han 1846 kaldet til Præst i LaSalle co., Illinois..."

I pionermenighetane såg folk på offisiell ordinasjon som svært viktig, særleg med omsyn til utføringa av nattverden. Sjølv om mange immigrantar var letta over å komme vekk frå alt som heitte prestar og religion, var det blant andre tungt sagn av prestar i den første tida.

Som den fjerde presten mellom nordmennene blei Ole ordinert. Han starta med førebels årlege lisensar frå eit amerikansk luthersk kyrkjjesamfunn. Etter å ha amerikanisert namnet sitt, var han der-

med Rev. Ole Andrewson, og kom snart til å stå midt i det teologiske virvaret som det norske Amerika må ha vore i nesten 100 år. Ein kan få inntrykk av at mest all intellektuell kapasitet mellom norske lærde dreide seg om diskusjonar og konflikter i teologiske lærespørsmål. "Et aandelig Humlebol" er eit uttrykk som er brukt. Mange ulike kyrkjesamfunn eller synodar blei oppretta og nedlagt, splitta og samla - som vi skal sjå etterkvart.

## Kyrkjesplitting lokalt - og over heile det norske USA

Med å slå seg ned i Jefferson Prairie, plasserer Ole Andrewson seg, også geografisk, midt i den striden som tok til å oppstå i kyrkjelivet mellom nordmennene i USA. Alt i 1844 hadde folk i Jefferson Prairie delt seg i to kyrkjelege leirar, etterkvart med kvar si kyrke - East Church og West Church. Alt her ser vi dei to hovudlinene i norsk-amerikansk luthersk kyrkjetradisjon:

Den eine sida hadde som mål å føre den norske statskyrkja vidare i USA. Første drivkrafta i dette var den universitetsutdanna norske presten J.W.C Dietrichson (1815-1883), som kom til USA i 1844. Dette måtte bli vanskeleg, for store delar av det tidlegaste emigrantfolket hadde som eit av måla med utvandring å komme unna denne sterkt embetsmannstyrte norske kyrkja, med stor vekt på ytre og formalistiske ting. Men andre ønskte denne tradisjonelle kyrkjeautoriteten som dei var vane med. Og etter mykje om og men, blei så kyrkjesamfunnet - Den norske synode - grunnlagt i 1853 i eit møte på Rock Prairie, ikkje langt frå Clinton. Seinare blei Koshkonong, det store norske settlementet litt lenger nord, hovudbase for Dietrichson.

Eit av læreproblema for denne "norske statskyrkja" i USA utvikla seg seinare da mange av prestane skulle utdannast i St.Louis i Missouri, ein stat der slaveri var tillatt. Påverknad derifrå, og ei svært bokstavtru bibeltolking, førde til at denne kyrkja faktisk ikkje greidde å ta klart og utvetydig avstand frå slaveriet i tiåra som følgde. Vi høyrer ikkje om at nokon av prestane var for slaveriet, debatten gjekk på om slaveriet bibelsk/teologisk var "synd i og for seg".

På motsett side stod frå første stund lekmannsrørsla/haugianismen svært sterkt mellom norske immigrantar. Hauge-rørsla braut aldri med den offisielle lutherske kyrkja, men verka som ein folkeleg opposisjon innanfor denne. I USA blei Elling Eiel-

sen, som kom frå Voss i 1839, den som kom til å vidareføre denne lina. Også han blei ordinert til luthersk prest - i 1843. Eielsen var omtrent alltid på reiser, men Jefferson Prairie var hovudbasen hans mesteparten av livet.

Ole Andrewson var frå først av ein tilhengar av Eielsen og kjent med han frå Muskego/Racine. Det kan ha vore i samråd med Eielsen at Ole drog til Jefferson Prairie. I alle fall blir han sentral i "West"-kyrkja der. Historikaren Flom seier at han grunnla menighetene der, men det var først i 1850.

I 1846 blir det arrangert eit historisk møte i Jefferson Prairie. Tilstades er Elling Eielsen, Paul Anderson - ein radikal prest frå Valdres, Ole Andrewson, og "en del af de vidt adspredte troende". Her grunnlegg dei "The Evangelical Lutheran Church of America", oftast kalla "Eielsens Synode", i april 1846. På møtet fungerte Andrewson som sekretær. "Jeg dikterte og Andrewsén skrev", fortel Eielsen om korleis vedtektene for organisasjonen kom istand. Eielsens Synode var altså ein realitet sju år før "Den Norske Synode" blei endeleg organisert.

## Brot med Eielsen - og tilnærming til amerikansk kyrkjeliv

I 1853 var altså dei to hovudlinene i norsk-amerikansk kyrkjeorganisering nedfelte i kvar sin synode. Men innan den tid hadde Andrewson og fleire andre gått sine egne vegar.

Elling Eielsen var ikkje ein mann med sans for organisasjonsarbeid. Kristus førde ikkje protokoll da han gjekk rundt på jorda, uttalde han ein gong. Han var dessutan svært "norsk" i grunnsynet sitt, mangla samarbeidsevner og var generelt konservativ. Snart såg Andrewson, Anderson og ein tredje ung og radikal prest, Ole J. Hatlestad, at tida var inne for å bryte ut av Eielsens synode. Dette skjedde på eit møte i Middlepoint (Fox River), Illinois i 1848. Andrewson var igjen sekretær og kalla inn til møtet. "Man forhandlede 1) om Klagemaal mod E.Eielsen 2) om intrædelse i Franckean Synoden".

På møtet las Andrewson opp eit langt "synderegister" mot Eielsen. Meir konkret om innhaldet er det vanskeleg å finne, men uttrykk som slapphet og uorden blei brukt. Elles var det nok generelle samarbeidsproblem som låg bak, sjølv om det også kunne gå ein del meir banale rykte om ein person som Eielsen. I alle fall enda det med at Eielsen "grep hatten og forlot møtet".



Eielsen og tilhengarane kom til å arbeide vidare i Eielsens Synode, medan dei andre drog seg ut og slutta seg til den tysk-amerikanske såkalla Franckeanarsynoden, som hadde base i New York. Det var særleg Paul Anderson som hadde skaffa seg kjennskap til amerikansk kyrkjeliv. Han hadde utdanning frå eit seminar i Beloit, ein litt større by ikkje langt frå Clinton. Likevel var det altså Andrewson som blei ordinert til presteteneste først, nettopp i dette franckeanar-samfunnet.

Franckeanarane var lutherske og pietistiske, men liberale, for ikkje å seie likegyldige, i lærespørsmål. Det var plass for norsk "børnelærdom" innanfor organisasjonen. For Andrewson og dei andre var det særleg viktig at Franckeanarane var sterkt imot slaveriet. Her ser vi altså eit initiativ til deltaking i amerikansk kyrkjeliv og samfunnsdebatt frå representantar for norske immigrantar. Dette er ikkje så ofte vektlagt. Heltane er oftast dei som vil ta vare på norsk levemåte i det nye landet. Men det er amerikaniseringa som vinn fram litt etter litt etter som tida går.

Kontakten med amerikansk kristenliv kom også gjennom "American Home Mission Society", eit misjonsselskap i Chicago som støtta misjonsarbeidet mellom innvandrarar generelt. Bak dette selskapet sto dei presbyterianske og kongregasjonalistiske kyrkjene. Dette var ganske folkelege og demokratiske kyrkjesamfunn. Paul Anderson og Andrewson, oppretta med hjelp frå dette selskapet, den første norske og skandinaviske kyrkja i Chicago i 1848.

Dette selskapet støtta arbeidet til både Andrewson og Anderson i desse åra. For 50 dollar i kvartalet blei det kravd skrivne rapportar, 30 slike manuskript etter Andrewson finst i selskapets arkiv frå åra 1852-58. Her fortel han om kva han har å kjempe med i gjerninga si: Likegyldighet, overtru, formalisme, og konkurrerende trusretningar. Heile tida sto kampen mot det ekstreme på begge sider: Amerikansk "Revivalism", dvs. mormonarar og andre sekter på eine sida, og konservative, formalistiske norske synode-prestar på andre. Mormonisme og fanatisme hadde herja som ein prærie-brann i Fox River, skreiv han ved ein anledning.

I "Hjartdalssoga" står det at han ein periode (frå 1856) fekk fast løn for å halde minst 36 preiker i året for kyrkjesamfunna i Wisconsin og Illinois. Dette må også ha vore i samband med arbeidet for American Home Mission Society.

Det var Andrewson som først fekk trykt ei norsk salmebok i Amerika. Dette var ei utgåve på 784 sider av Harboe og Guldbergs Salmebok. Ei stund redigerte og trykte han også bladet "Norsk luthersk kirketidende" som han håpte "ved Guds velsignelse skulle vise seg å vere til nytte mellom landsmennene mine". Som prest, og i stor grad misjonær, var han også moralsk vegleiar, alltid i kamp mot alkohol, banning, søndagsarbeid og andre laster. Det er nemnt i fleire kilder at alkoholmisbruk var særleg utbreidd mellom mange av dei første norske immigrantane. Dette var eit stort samfunnsproblem også heime i Norge, men organisert avhaldsarbeid retta etterkvart på dette både heime i Norge og mellom nordmennene i Amerika.

I denne perioden, fortel F.R.Matson, at Andrewson opplevde å sjå ein stor flokk av Illinois-menigheta si dra samla til Iowa. Dette kan ha vore i samband med metodisten Nils Johnson Kaasa frå Heddal - og grunnlegginga av Washington Prairie-settlementet i Chickasaw co. med byen Decorah.

Ole er også med i skuledebatten. Nordmennene var ikkje fornøgde med den religionsfrie offisielle amerikanske skulen, og oppretta iblant eigne skular. Andrewson såg heile tida verdien av at barna gjekk på amerikansk skule, men godtok også ein lokal "norsk" skule, sålenge det ikkje gjekk utover den offisielle skulen.

## Presteteneste

I 1847-48, da han som nyordinert prest framleis samarbeidde med Eielsen, var Ole i LaSalle co. i Illinois. Han organiserte menighetar i Indian Creek, Leland, Fox River, Lisbon og Mission Point. Dette var i området der nordmenn hadde slått seg ned så tidleg som i 1834-35, leia av Cleng Peerson.

I 1851 blei han igjen kalla til Racine county, og han betjente menighetane i Muskego, Racine (by) og Milwaukee ein toårsperiode.

Etter det var han tre år i Fox River, LaSalle county, der han reiste rundt og arbeidde i mange menighetar - som såkalla circuit rider minister - for så å slå seg meir fast ned i Clinton/Jefferson Prairie frå 1856. Han kjøpte nå eigen farm 3 miles sør for byen og hadde heimen sin der resten av livet, med unntak av eit par år i Leland, LaSalle county i 1875-76.

Han betjente The Evangelical Lutheran Church i Clinton og budde 3 miles sør for byen. (Huset hans ved Highway 140 brann i

seinare tid.) Han var dermed tilbake i si gamle West Church, som også fekk nytt kyrkjebygg på denne tida. Ole kjøpte forresten den tidlegare kyrkja. Vi veit ikkje kva han gjorde med den, men trevirket er framleis i bruk i heimen til etterkommarar (Mike Ligmans).

## Innsats både av kone og mann

Samtidig med at Andrewson var engasjert i kyrkjelivet og teologiske debattar på høgt nivå, var det altså som vanleg menighetsprest han gjorde si daglege teneste.

Som prest var det lite løn å få, for folk var fattige, og han måtte drive med mykje praktisk arbeid for å underhalde den veksande familien. Nå var ikkje dette noko som skremde den tidlegare gjetarguten og gardskaren, og som Hatlestad seier: "Han arbeidde uførtødent til Guds Ære og Sjæles frelse".

Ein kan spørje seg korleis menneske har kapasitet til alt dette arbeidet, særleg utan våre dagars kommunikasjonsmiddel. Rachels innsats må ein regne med låg bak heile tida og gjorde Oles arbeid mulig. Ho bar fram 10 barn mellom 1844 og 1867. Påkjenninga da yngste sonen døydde i 1870 måtte ho, som middelaldrande kvinne, også leve igjennom. Samtidig tok ho seg av arbeidet med hus, heim og barn. Ho var svært streng i oppdragargjerninga, men alltid rettferdig - og ho var ikkje utan sans for humor.

Truleg sto ho for mykje av gardsdrifta også, for det ser ut til at farming heile tida blei drive parallelt med alt det andre. Farmen blei etterkvart på den vanlege størrelsen - 160 acres. Og vi veit at dei alltid måtte slite økonomisk. Veldig mykje av tida må Ole ha vore på reiser mellom dei ulike menighetane han var knytt til.

Rachel måtte drive med alt av typisk kvinnearbeid for si tid, heilt til dei siste åra. Ikkje minst arbeidde ho med dyrking av lin. Ho gjorde alt frå å så frøa til å veve dei ferdige linplagga.

Det blir til og med fortalt av Hatlestad at Ole kosta reise til Amerika for den gamle mor si og ein helselaus bror, og at "...i hans Hus nød de Pleie og sorgfritt Ophold til sin Død".

Barna til Rachel og Ole var: 1. Isabella f.1844 d.1909, Paul f.1846 d.1918, Andrew f.1848 d.1931, Anne Turina f.1851 d.1936, Oliver f.1853 d.1926, Carolina f.1855 d.1942, Hellen Rebecca f.1857 d.1937, Anne Lovisa f.1859 d.1932, Emma Chaterina f.1862 d.1921, Henry f.1864 d.1954, Oscar Norman f.1867 d.1870.

Rachel døydde i 1918, 94 år gammal.

## Nye splittingar og nye kyrkjesamfunn

Etter tre år i Franckeanarsynoden fann Anderson, Andrewson og Hatlestad tida inne til å trekke seg. Saman med engelske, svenske og norske lutheranarar danna dei nå i 1851 Nordre Illinois Synoden. Dei avsluttar dermed forbindelsen til Franckeanarsamfunnet, som dei vel hadde regna med ville bli eit mellomspele. Dei såg nå at det var nødvendig med ein klarare luthersk teologi. I Nordre Illinois Synoden blei Andrewson endeleg ordinert, etter fleire år med tidsbegrensa lisensar.

Dette blei også eit mellomspele, for i 1860 drog skandinavane, leia av dei samme tre prestane, seg ut og danna Den Skandinaviske Augustana-synode. Namnet understrekar enda meir vekt på ortodoks lutherdom. Men striden var mykje omkring presteutdanninga.

Omsider hadde nordmennene i Amerika eit kyrkjesamfunn med noko tyngde, i tomrommet mellom Den norske synode og Eielsens Synode. Den skandinaviske Augustana-synode samla 17 prestar og 36 menigheter. Eigen presteskule blei også oppretta - her blei det utskild ei "norsk" avdeling, Augsburg seminary, i 1869.

Dette samfunnet kom ikkje til å samarbeide med dei andre etablerte lutherske kyrkjesamfunna. Og det kom heller ikkje til å forbli samla. At presteutdanninga var skilt ut var ein ting. I tillegg var det nye innvandrarar, inspirert av Gisle Johnsons teologi, som førte til at dei norske i 1870 trekte seg ut for å danne sin eigen synode.

Dette skjedde "efter vennskapelig overenskomst" med svenskanene. Men Andrewson og nokre andre var ikkje glade for denne delinga. Etter mange år som "amerikanar", ser han påverknad frå eit meir moderne Norge som framand. Det er eit skriv frå Andrewson, Jefferson Circular, som understrekar motsetnadane som frå første stund finst i den nye organisasjonen.

På årsmøtet der delinga skulle gjennomførast, bad han om å få stå i den svenske avdelinga, noko han ikkje fekk lov til.. Dette kunne tyde på at han nå som eldre mann viser ei trassig og stivbeint haldning, men det er nok heller ein demonstrasjon - eit nytt teikn på motvilje mot å organisere seg på for nærsynt, norsk grunnlag. Reaksjonen frå møtet er å "venligt formane" dei motvillige til å bli med i den nye synoden.

På fleire møte prøver ein å komme til enighet i den nye syno-

den, utan å lykkast. Den danske pionerpresten frå Muskego, C.L.Clausen, blir nå ein sentral person i diskusjonen. Han endar som president for eit fleirtal som bryt ut. Dette fleirtalet kom til å kalle seg "Den norsk-danske Konferentse", og blei eit av dei betydelegaste kyrkjesamfunna mot slutten av 1800-talet i det norske USA. Sjølv om Konferentsen heller ikkje unngjekk avskaling og splitting, blei den ein periode det sterkaste alternativet til den konservative norske synoden. På mange måtar var "Konferensen" på line med nye politisk liberale straumdrag heime i Norge, som venstrepolitikk og generell nasjonal og demokratisk utvikling. At ordet dansk var med i namnet, kom av at Clausen opprinneleg var frå Danmark, og at eit lita gruppe danskar mellom immigrantane skulle kjenne seg heime.

Andrewson blei att i eit heller beskjedent mindretal. Han fekk mellom andre med seg sin gamle samarbeidspartnar Hatlestad og ein annan som hadde følgd han frå Franckeanartida, Andreas Aslaksen Scheie.

Nå ser vi også ei generasjonsmotsetjing. Yngre, dynamiske og velutdanna prestar dominerte i Konferentsen. Andrewson og fleire med han, mangla den formelle akademiske bakgrunnen og den meir moderne stilen som nå blei rådande. Og sjølv om vi har definert Andrewson-kretsen som radikal, så var dette på det teologiske og organisasjonsmessige planet, i forhold til Dietrichsons stivna statskyrkjeformer og Eielsens fundamentalistiske haugianisme. I haldning til adiafora - dans, drikk, spel mv. - var han klart konservativ. Det er mellom anna dette han understreka i "Jefferson Circular", som førde han på kollisjonskurs med dei seinare konferentsprestane.

Trass i Andrewsons amerikanske haldning, var det hans organisasjon som kom til å gå under namnet "Den norske Augustanasynoden". Andrewson var sjølv øvste leiar frå 1880 og hadde mellom anna som oppgåve å ordinere nye prestar. I 1883 hadde synoden 21 prestar og 55 menighetar. Totalt var det 310 lutherske prestar og 1185 menighetar mellom norskamerikanarane på den tida. Over halvparten tilhørde "Den norske synode" (statskyrkjesynoden).

Andrewson arbeidde dei siste åra meir og meir for samling av norske kyrkjesamfunn. Mellom anna prøvde han å få istand ei forening med haugianarane. Men som det står i Berghs kyrkjehistorie:

"...der var den skjønneste Harmoni i alt undtagen det at en af Augustanasynodens prester, O.Andrewson, havde nogle Tanker om det tusenaarige Rige, som forkom Hauges Folk adskillig betænkelige. Sagen var nok den, at Hauges Synode ikke var meget interesseret i denne Forening."

Innanfor Konferentsen, og mellom denne og Den norske Synode (statskyrkjesynoden), fortsette motsetningane, og ei samla "Norwegian-Lutheran Church in America", såg ikkje dagens lys før 9.juni 1917. Etter dette går amerikaniseringa sin gang, kanskje meir i tråd med Ole Andrewsons idear. "Norwegian" blei sløyfa i namnet frå 1946, og etterkvart samarbeidde ein for fullt med andre lands lutherske kyrkjer. I 1988 var det endeleg ei samla Evangelical Lutheran Church i Amerika.

## To saulendingar

På sine mange reiser rundt i Illinois og Wisconsin kom Andrewson fleire gonger til Muskego. Der trefte han på ein tidlegare kjenning og sambygding. Dette var Halvor Nelson Lonar. Syskena hans hadde vore på "Emilie" samman med Ole. Halvor hadde frå første stund gjort seg gjeldande i dette nybyggerstrøket. Han hadde hatt hand om tømrararbeidet da kyrkja der, den første norske kyrkja i Amerika, blei bygd i 1844. Nå var han farmar, og dreiv både med treskjæring og tømring på si. Og han var aktiv i samfunnslivet, ja, han hadde vore nære på å bli vald både til sheriff og skrivar der i den norske nybygda.

Det finst ei historie om da Halvor, som var enkemann, skulle gifte seg på nytt. Det blir fortalt at han ikkje kunne godta Andrewson, presten med Franckeanarsynet, sjølv om det var ein sambygding. Ja, Andrewson gjekk til og med under namnet Ola Saulending. (Nå blei det likevel bryllup, for Halvor hadde ein medhjelpar i treskinga, og denne hadde juridisk utdanning og kunne gje Halvor og den nye kona ei godkjent borgarleg vigsle).

Heile historia om bryllaupet er skreven ned i Telesoga (eit blad for Telelaget i Amerika) og er lagt til 1862. Ho fortel oss at farmarane kunne ha klare syn i kyrkjedebatten. Sjølv om kveiteprisane var det vanlegaste samtaleemnet, må vi tru at diskusjonane om kyrkjelege spørsmål kunne gå høgt, både ute på "fielden" og i festlege lag, særleg mellom dei meir samfunnsengasjerte norske immigran-tane.

Det korte mellomspelet i Franckeanarsynoden var i det heile ei belastning for Andrewson og dei andre. Det tok lang tid før kollegaer og lekfolk innsåg at dei var ganske tradisjonelle og moderate prestar, som hadde hatt bruk for ei amerikansk kyrkjeleg tilknytning den gongen det ikkje fanst noko norsk alternativ.

## Død og gravferd

Ikkje lenge før han døydde, hadde Ole vore i Chicago på eit synodemøte, eit fellesmøte der arbeid for forening var det sentrale. Der pådrog han seg ein alvorleg forkjølelse som svekka motstandskrafta hans mot nyrebetennelsen (Bright's disease) som han leid av. Ole Andrewson døydde 23.februar 1885 - kl.2 om dagen.

I begravelsen 1.mars var det ein stor skare av venner, slektningar og kjende med. Enka Rachel, som nå var 60 år, og alle dei ti barna stilte sjølvsgatt opp. Det kom folk frå dei mange menighetane der han var kjend, og fleire prestar hadde innstilt gudstenestene sine den dagen for å vere med i gravferda som foregjeikk i hans eigen menighet i Jefferson Prairie.

O.J.Hatlestad, som var med i begravelsen, skreiv også minneord om han i Decorahposten 18.mars. Han sluttar med å referere frå seremonien:

Den avdøde Broders egen Menighed besørgede hans Begravelse. Pastor Rasmussen talte i Sørgehuset; i Kirken leste Pastor Om-land et Afsnit af Guds Ord og holdt Bøn. Undertegnede talte da over Philip.1,21. Efter Sangen talte Pastor Lund fra Milwaukee paa Engelsk over den 116.Salme, og (vers) 15 som lyder saaledes: Det er kosteligt for Herrens Øine når hans hellige dør. Pastor Rasmusen forrettede Jordpaakastelsen.

Saman med mange andre tidlege pionerar er han gravlagt på Jefferson Prairie Cemetery. Andrewsonfamiliens gravstad er markert med ein granittprekestol med ein åpen bibel inngravert. Teksten på gravstøtta har rett nok feilstaving av namnet hans, der står:

Sacred to the memory of Rev. O.Anderson  
Born March 2, 1818  
in Norway  
Emigrated to  
America in 1841.  
Died Feb. 23, 1885  
Aged 66 yrs. 11 mos.

21 days.  
"Blessed are the  
Dead that die in  
the Lord.

## Etterord

Nokon samla biografi om Ole Andrewson finst ikkje. Men Hatlestad skriv nokre sider om han i boka "Historiske Meddelelser om den Lutherske Kirke i Amerika" (Decorah 1887). Kven han eigentleg var, må vi lese ut av dei sporadiske innslaga om han i ulike bøker og skrifter. Han blir ikkje nemnt som den store leiaren og initiativtakeren, likevel er han alltid tilstades i kjeldene og litteraturen. Han skal ha vore ein flink talar. Det han mangla av utdanning tok han att ved alltid å vere svært godt førebudd til talene sine. I det kyrkjelege sentrumslandskapet arbeidde han nært, men i skuggen av den meir skolerte og utadretta Paul Anderson. Ole var ein hardt arbeidande kyrkjas tenar og verka gjerne som sekretær og arbeidde mykje i bakgrunnen med praktisk-organisatoriske ting.

Han har ikkje mange skriftlege arbeid etter seg. I "Luthersk Kirketidende" er det nokre artiklar av han om kyrkjelege spørsmål. Han er nemnd som radikal i fleire kjelder. Det gjev han den noko uvanlege rolla å vere ein radikalar i sentrum, noko som vanskeleg kan føre til eit roleg tilvære i organisasjonsarbeid.

Dotterdottera, Isabelle Matson Hofman, seier i ein privat biografi at han var ein høg, vakker mann med langt kvitt skjegg som nådde han nesten til beltet. Ho hugsar at han som gammal mann kunne setje seg på golvet og leike med barnebarna, ho nemner ein barneleik - "The little worm creeps on the ground". Bildet av han viser utvilsomt ein mann med høg autoritet, lite er att av gjetarguten under Kleppefjell i Sauland.

Vi veit ikkje kva slag arv han hadde med seg heimanfrå. Truleg var det ei frigjerung å komme bort frå norsk underklasseliv. Om han heime hadde opplevd noko av den nasjonalkjensla som på den tida grodde fram mellom breiare lag av folk, har han sett klart nødvendigheten for immigrantane å gå inn i det amerikanske samfunnet. Poenget for han var ikkje å skape eit nytt Norge i USA. Mykje kunne og burde leggest att heime, ikkje minst den høgkyrkjelege embetsmannsteologien som hadde dominert kristenlivet - i alle fall før Haugerørsla - og ei sterk sosial klassesdeling.



Ikkje for det at alt i Amerika skulle takast imot ukritisk. Ole var i motsetnad til enkelte prestar i Den norske synode, heilt klar i slavespørsmålet. Og han såg enkelte amerikanske sekter som absolutt ute på viddene.

Trass i at han var aktiv og delvis skuldig i fleire av splittelsane i norske kyrkjesamfunn, var han den som kanskje mest ønskte saming. Han plasserer seg ganske konsekvent på sentrumsalternativa, ein eller annan plass mellom Eielsens linje og statskyrkjeprestane, samtidig som han orienterer seg mot eit felles amerikansk luthersk syn. Og framtida kom til å vise at lina hans var den som skulle overleve inn i det moderne USA.

### Bakgrunnsstoff/kilder - og tips til vidare lesing:

- Stephanie Matson / Frederick Rognald Matson: Diverse private skrifter, bl.a. biografi om Ole Andrewson og Ragnhild Paulson g.Andrewson og notat frå Andrewson's familiebibel.
- History of Clinton, Rock county, Wisc. (Utdrag): The history of Jefferson Prairie Lutheran Church
- Odd S.Lovoll: Det løfterike landet
- Blegen: Norwegian Migration to America 1825-1860
- Nelson/Fevold: The Lutheran Church among Norwegian Americans
- Bergh: Den norsk lutherske Kirkes historie i Amerika
- Norlie m.fl.: Norsk Lutherske Prester i Amerika 1843-1913
- Gjertrud Kleveland Karlsrud: Hjartdalsoga (Band 2 og 3b)
- Gerhard B.Naeseth: Norwegian Immigrants to the United States I-II
- O.J.Hatlestad: Historiske Meddelelser om den Lutherske Kirke i Amerika
- Sandvin: Elling Eielsen Sundve (Trykte forelesningar frå Eielsen-seminar på Voss 1979)
- Telesoga Nr ?
- An Immigrant Shipload of 1840 (C.A.Clausen - NAHA)
- Decorahposten 18.3.1885: O.J.Hatlestad: Om Pastor O.Andrewsons Livsførelse, Død og Begravelse.

*English version — translated by Roger Bond 2004*

*The Theme in the Yearbook for  
Telemark History Group 2000  
is Emigration History.  
Article below is a Sample from the Book*

## Leif Skoje: Ole Andrewson Crofters Boy and Pioneer Pastor

---

### Contents

- Introduction
- Background, residence and family
- Education, emigration planning and departure
- Work and marriage in Wisconsin
- The start on a life in the Church's service – at Jefferson Prairie  
Church Separation locally – and over all the Norwegian USA
- Break with Eielson – and the approach to American church life
- Pastoral Service
- Contributions - Both of the wife and the husband
- New separations and new church communities
- Two persons from Sauland
- Epilog
- Sources (bibliography)

---

### Introduction:

The pioneer emigrants from the upper Telemark townships were some of the most predominant number in the time before the mass emigration from Norway. All the same, we don't find so many individual persons from here who have marked themselves in that historic time. Some were known as leaders of emigrant groups (Rue and Laraas), one marked himself as an influential letter writer (Olav Trovatn), one was the country's most known

postman (Snowshoe Thompson). One Rauland person would certainly have been a participant to the killing of Joseph Smith, the founder of the Mormon Church, and proficient craftsmen and authors were to be found. One was a Congressman (Kittel Halvorsen Kjeldahl), and many offered their lives and health to their new country in the Civil War. Two contemporaries, Heddaler Nils Johnson Kaasa and Saulander Ole Andresson Aasen, became forerunners in church organization work in that first great effort. The last mentioned, we shall become better acquainted with here. Ole Andresson Aasen, or Ole Andrewson as he was known in the USA, is often mentioned among others in E. Clifford Nelson and Eugene L. Fevolds, *The Lutheran Church among Norwegian Americans* (Minneapolis Augsburg Vol. I 1960). This is the standard work itself on Norwegian-American church history. All the same he needs a complete discussion.

As a crofter's boy from a little Telemark township, he had little theological training, But, with sound farmer intelligence and a paper upon which he was approved as pastor, he had to, in adult life, often confront university trained Norwegian clergy who had generations of intellectual officials behind them in their lineage

There were only three persons who were ordained as Norwegian pastors in the USA before Ole. The Hauganist Eiling Eielsen, the "moderate" Dane C. L. Clausen, and the uncompromising state-church pastor J. W. C. Dietrichson. While he must be regarded as a minor person together with these, Ole was central in the very complicated Norwegian-American church history. From 1842 until his death in 1885, he was an important element in adapting the Norwegian immigrant community to an American church life. That was a demanding, pioneering work. Because, the Norwegian Church, which more or less came over, was not easy baggage to unpack in the new land. Perhaps some were already spoiled on the trip and by the arrival. Some were realized to be unsuitable in the new community and rather should have been left at home. Ole's job was to help the immigrants to unpack and to take care of the right things, simultaneously some new things, which also must be obtained at where they had come.

The article will follow Ole from the modest youth environment in a simple crofter's home, through a typical emigrant voyage in the adventuresome early, pioneer time. There he could represent

hundreds of the first Telemark emigrants. Afterwards he became an active participant in American church history; there he provided meaning for hundreds of emigrants. In this manner we get, through his life, a glimpse into the church history in Norwegian-America up to the 1880's.

